

Osingen



Årsskrift 1997
Utgjeve av Os Mållag

13. årgang

Osingen

Utgjeve av
Os Mållag

1997

INNHALDSLISTE:

Henning Henriksen:

Ei hjelpande hand side 1

Anders Kåre Engevik:

Ein livsfrisk femtiåring side 2

Henning Henriksen:

Vinterkveld side 3

Gustav Moberg:

Sterk ressursutnytting
før i tida.....side 4

Kåre Herdlevær:

Kolerakyrkjegardar i Osside 8

Barnesider:

Elevar i 7. klasse ved
Hegglandsdalen skuleside 11

Anders Kåre Engevik:

Kommunedelinga mellom Os og
Samnanger - eit 90-års minneside 13

Historia om det som ikkje
vart noko av:

Gustav Moberg:

Store sjukehusplanar
på Gåssandside 16

Kåre Herdlevær:

Gravplass på Flåtenside 17

Janne Håvarstein:

Intervju med Ivar Aasen
på 50 års-dagenside 20

Framsida:

«Midthordland» stemnar ut
frå Våge på Tysnes i 1950.
Foto: Wilhelm Waage

Skriftnemnda:

Anna Margreta Lunde
Elfrid Moberg
Gustav Moberg
Kåre Herdlevær
Lars Skorpen

Trykk:

Geo Grafisk AS Bergen

Kr. 30,-

Til lesaren

Os mållag arbeider for at flest mogleg skal nytta nynorsk både i tale og skrift. Vi er difor glade for at fleire og fleire vel nynorsk som skulemål i grunnskulane i Os kommune. Trass i språkpress og påverknad frå den store naboen i nord er dette ein tydeleg tendens i tida.

Vitet og viljen til å velja borna si målform blir ofte foreldra sitt ansvar. Seinare i livet er ein meir medviten sin eigen språklege identitet og ståstad.

For fire år sidan var det sju bokmålsklassar ved Os-skulane. I tørre tal utgjorde dette 114 elevar eller vel 6% av elevmengda. Så kom det eit omskifte som har ført til at det no berre er ein einaste attlevande bokmålsklasse i kommunen.

Skriftnemnda har gledd seg over denne gode og på mange måtar naturstridige utviklinga. Naturstridig fordi språkpresset frå nabokommunen blir stadig sterkare. Det er difor interessant å sjå på kva for motkrefter som er mobiliserte.

Først og fremst ser det ut til at den nynorske målforma generelt har vunne aukande respekt dei seinaste åra. Dette heng nok kanskje saman med svært dugande nynorskbrukande medarbeidarar i massemedia - særleg fjernsynet.

Når det gjeld den positive utviklinga for skulemålsvalet i Os, er det nok fleire årsaker. Det at ein vel skulekrins framfor målform er nok til ein viss grad medverkande. Ei levande lokalavis med ei klår og konsekvent haldning i målsaka veg nok likevel tyngre på den språklege vektsskåla.

Til sjuande og sist er det skuleungdomen sjølv og foreldra deira som har sytt for at nynorsken så og seia er blitt einerådande målform i Os- skulane som i «gamle dagar». Det er i denne samanhengen grunn til å tru at språkmedvitne elevar og foreldre har merka seg Laksevåg-prosjektet til professor Dahl ved Universitetet i Bergen. Han slår fast at elevar som vel nynorsk som hovudmål, etter kvart meistarar begge målformene betre.

Vi i skriftnemnda let Willy Dahl sin konklusjon vera vår optimistiske julehelsing i 1997. Vi vonar at OSINGEN også dette året kan bli brukt som ei kjærkomen julehelsing til slekt og vener.

Gledeleg Jul

Helsing frå skriftnemnda

Helsing

Til

Med dei beste ynskje om god jul og eit godt nytt år!

Frå

Ei hjelpande hand

av Henning Henriksen

Du som fekk meir
enn til deg og dine,
kan hjelpa andre
i naud og pine.

Du som har rikeleg
mat på ditt bord,
kan hjelpa din svoltne
og fattige bror.



Over grenser
frå land til land
kan me strekkja
ei hjelpande hand.

Vår verd er så lita
frå pol til pol.
Me ser mot den same
velsigna sol.

Me treng til kvarandre
er søstrer og brør,
me langt i mot nord
og dei langt i mot sør.

Tanken om brorskap
er gamal på jord.

Ein livsfrisk femtiåring

av Anders Kåre Engevik

«Denne typen vil visseleg innvarsle ein ny æra i fjordtrafikken» skreiv avisa «Dagen» då den nye «Midthordland» vart presentert for Bergenspressa i desember 1947. Då hadde Det Midthordlandske Dampskips-selskap vore utan eigande rutemateriell sidan «Fusa» krigsforliste i januar 1945.

Alt i 1942 hadde selskapet planlagt nybygg. Tanken var både å auka transportkapasiteten og å stå sterkare i tevlinga om konsesjonstildevlinga som dei visste måtte koma når freden ein gong kom.

Den nye båten vart bygd etter eit nytt prinsipp for samferdslemiddel til sjøss - den såkalla sjø- eller fjordbussen. Tanken var å effektivisera samferdsle til sjøss ved å skilja passasjer- og godstransport og tevla med landverts passasjertrafikk ved å tilby fart og komfort til sjøs.

«Midthordland» vart konstruert med eit slikt formål for auga, men på grunn av transportbehovet på bygdene i ruteområdet måtte båten innrettast for last i tillegg. Bortsett frå dette var «Midthordland» ein typisk «Fjordbuss»; den første av etterkrigs-generasjonen.


Salongen hadde plass til 76 passasjerar og var uvanleg mykje påkosta. Her var fasettslipte glas, flammebjørkfiner og mahognylister. Eit kvitlakka inngangsparti med ei brei teaktrappe opp til promenadedekket

gav inntrykk av ein hotellresepsjon. Farten var 12 knop i vanleg rute. Ulikt dei gamle dampbåtane gjorde «Midthordland» eit lyst og tiltalende inntrykk, og han vart straks eit omtykt samferdslemiddel i ruteområdet.

Passasjertrafikken auka merkande dei første åra og heldt seg ved lag til dess vegutbygginga og omlegginga til landtransport var såpass utvikla at trafikkgrunnlaget for båten heldt på å smuldra opp. Samstundes arbeidde samferdslestyresmaktene for rasjonalisering ved å slå saman små trafikkelskap og la dei gå opp i større einingar. Frå 1962 måtte Midthordlandske la seg innlemma i HSD, og i 1970, då søre Fusa hadde fått vegutløysing, vart Midthordlandsruta nedlagt.

«Midthordland» vart seld, først til Sverige og deretter til England. I fleire år var han å sjå i St Cathrine's Dock i London som «St Lucy» før han vart kjøpt av eit fjordcruise-selskap i Oslo. Her var det Arne Aarseth oppdaga den gamle Bjørnefjordslitaren og sette i rørsle den snøballen som trilla heim til Bjørnefjorden att.

Etter eindel startvanskar er no «Bjørnefjorddronninga» vonlegvis sikra eit langt liv der ho retteleg høyrer heime, eigd av det oppattnya Midthordlandske Dampskibsselskap og verna om som maritimt kulturminne av Riksantikvaren.





Vinterkveld ved Bjørnefjorden

av Henning Henriksen

Stille ligg Bjørnefjorden
som spegel for snødekte fjell,
og solstrimer gyller sjøen
i den tidlege seinvinterkveld.

Ferja tek meg attende
til barndomens eventyrverd.
Eg minnest så mangt som hende
på livsens kronglute ferd.

Ferja glir stilt og sakte
og kløyver den kveldsblanke fjord,
og småbøljer rullar roleg
mot eventyrlandet i nord.

Gode minne frå heimen
med søsken, med far og med mor
er dyre, verdfulle skattar
som alltid vil setja spor.

Barndomsdraumar om landet
der kveldssola heldt sin fest,
er noko eg minnest med glede
når dagen går under i vest.

Sterk ressursutnytting før i tida :
Elvane frå Ulvenvatnet
og Banktjørna dreiv sju-åtte
produksjonsverksemdar

Av Gustav Moberg



Kvernsteinen i attstående Mobergskvern

I alle tider før Osbygda fekk elektrisk kraft i 1914 var det vatn og vind som sytte for den energien som måtte til i arbeidslivet i tillegg til muskelkraft hos folk og trekkdyr. På sjøen var det vindkrafta i segla , på land vatnet som vart styrt mot vasshjul og kvernkallar. I så måte hadde bygda stor nytte av det vesle som fanst av elvar og bekker i nærområdet omkring Osøyro, Kvednelvo som renn frå Ulvenvatnet og Kvabbedalselvo som renn ut frå Banktjørna. Heilt fram til midten av det hundreåret som snart er til ende, vart desse ressursane utnytta . Ei tid vart dei to små elvane nytta til å driva sju-åtte produksjonsverksemdar.

I eldre tider var det kverner mange stader i bygda. Det viser dei mange stadnamna

som har med kvern å gjera, eller kvedn som det heitte på bygdemålet. Asbjørn Øye som samla stadnamn i Os i 1970-åra , fann slike stadnamn på over 20 gardar i Os, men det var nok i Kvednelvo mellom gardane Moberg og Kuven malinga hadde størst omfang . Der var dei også i bruk til heilt opp på 1950-talet. Etter den tid har det mest ikkje vore dyrka korn i Os og bygdene omkring, og dermed var det heller ikkje bruk for kvernene lenger. Då sette forfallet inn, og i dag er det svært lite att av det som inntil for ein mannsalder sidan var eit viktig innslag i næringslivet i bygda. Vatnet som rann ut frå Ulvenvatnet og Banktjørna vart også nytta til andre føremål enn berre maling av korn.

Fem kverner i Kvednelvo

I nyare tid var det fem kverner i drift ved Kvednelvo, tre høyrde til gardar på Moberg og to til Kuven, men tidlegare har det truleg vore minst ei til, for ein veit at prestegarden har hatt kvern.

Malinga var ei typisk sesongverksemd . Alt gjekk føre seg på seinhausten, etter kornskurden, og då var det travle dagar ved Kvednelvo, ja, somme tider måtte dei ta natta til hjelp for å få arbeidet unna. Etter kvart utvikla det seg slik at bøndene som hadde kverner ved elva, også tok på seg mykje maling for andre. Og det var ikkje berre for andre bønder i Os. Det kom korn frå andre bygder i Bjørnefjord-området, m.a. frå fleire bygder i noverande Fusa, frå Tysnes og frå Austevoll. Kornet kom med båt til den gamle dampskipskaien på Osøyro, og kverneigarane sytte for både transport av kornet opp til elva og transport av ferdig mjøl ned att til kaien . Det var også vanleg at dei som kom med korn så langveges frå, hadde husrom og kost heime på garden til møllaren, så det vart litt inntekter utover det sjølve turkinga og malinga av kornet kosta.

Nattevakt og lekselesing

Tidlegare fylkeslandbrukssjef Paul Moberg som vaks opp på farsgarden på indre Moberg , har mange minne frå dei travle haustane frå omkring 1920 og utover. Far hans, Eivind Moberg (eller Øven som han heitte i bygdemålet) hadde kvernbruk som høyrde garden til, og som vanleg var i dei tidder måtte ungane hjelpa til i arbeidet når dei ikkje var på skulen. Det var å spennast hesten for kjerra i tidlege morgonstunder og køyra til kaien etter korn og få det opp til kverna. Og når dei heldt det gåande utover natta, hende det at han måtte gje faren avløyning. Når alt gjekk greitt, sveiv sjølvsgt kornørka og kvernsteinen av seg sjølve, det var då mest for eit vakthald å rekna, og kvelds- og nattetimar kunne nyttast til lekselesing innimellom.

Vakthald var elles viktig av fleire grunnar. Kornet måtte tørkast før det kunne malast . Det gjekk føre seg på noko som kunne samanliknast med eit svært vid, flatbotna jernpanne , og ho vart halden varm med open

eld. Dermed vart det også fare for brann, og brann vart det meir enn ein gong ved Kvednelvo, m.a. i kverna til Eivind Moberg.

Elvevatnet gav den krafta som skulle til for å driva kvernene, og det var ein kraftressurs som fornya seg sjølv og aldri vart oppbrukt, men det vil ikkje seia at det ikkje støtt og stadig var arbeid som måtte gjerast for å halda alt i stand. Rennene eller sløka som førte vatnet mot kvernkallen skulle haldast ved like og vassmengda skulle regulerast. Og jamvel om kvernsteinane var hogne ut or fjellet, måtte dei og vedlikehaldast, fortel Paul Moberg. Når dei gnura og møl både dag og natt i høgsesongen, vart dei slitne . Så måtte rillene hoggast oppatt, og det vart gjort med handemakt og hammar og meisel. Slik oppattnying av kvernsteinane måtte gjerast fleire gonger utover hausten.

Om ein rotar mellom buskar og rotne plankebitar langsmed Kvednelvo kan ein enno finna kvernsteinar. Dei kom frå Selbu i Trøndelag og var av ein type granitt med kvasse krystallar. Det vart også laga kunstige kvernsteinar - støypte i betong - men både kverneigarane og kundane deira ville helst ha Selbu-stein. Det var særleg havrekorn som vart mjøl mellom steinane ved Kvednelvo og mjølet var i stor mon nytta til flatbrødbakst og grautkoking. Det var mange som meinte at natursteinen var med og gav havremjølet ein særleg fin smak.

Toppen i 1917-18

I dag er det mest uråd å finna ut kor mykje korn som vart male i dei fem kvernene , m.a fordi det var såpass mykje leigemaling for bønder frå andre bygder. Men det kan vera grunn til å tru at ein stor del av kornet i Os vart male der , i all fall i dei siste tiåra kvernene var i drift. Det ein har oversikt over, er kor store areal som vart nytta til korndyrking i Os i første delen av dette hundreåret. Oppgåvene viser at det vart sådd korn på vel 500 dekar i 1907 og vel 330 dekar i 1929. Men på grunn av vanskaner med import av korn under den første verdskrigen, vart det heilt andre tal då. I 1917 vart det såleis sådd korn på 814 dekar i Os, og året etter var det endå noko meir. I slike



Korntørka i attstående Mobergskvern

år har nok kvernene gått dag og natt utover seinhausten.

Utover i 30-åra minka det med korndyrkinga i Os og dei andre bygdene rundt Bjørnefjorden. Eit nytt oppsving kom under den andre verdskrigen, men frå omkring 1950 vart det slutt på møllarverksemda ved Kvednelvo og kvernene kom i forfall. Enno står det att eitt nokså redusert kvernhus. For nokre år sidan vart det gjort ein freistnad på å berga denne kverna for ettertida, men ein presenning over taket er alt som minner om det tiltaket.

Kvernruinane gror til

Dalsøkket der Kvednelvo renn er no så tilgrodd med buskar og tre at det er vanskelig å ta seg fram der utan jungelkniv, og ein må leita for å finna restane av kvernene. Det nedste kvernhuset står altså enno, og av det øvste er det ein god del att. Det er fordi grunnmuren er støypt i betong. Det gjorde Eivind Moberg etter at gamlekverna brann ned. Det var truleg ikkje den første brannen han hadde i kverna, for Alfred Nøss som budde i Kalhagen like nedanfor kvernene fortel at han oppdaga brann i kverna og då han sprang opp til Moberg og varsla, var reaksjonen frå kverneigaren: «Gu' nå' meg, ikkje no igjen!»

For Alfred Nøss som i guttedagane og ungdomsåra budde like i grannelaget til kvernene, er det hyggeleg å tenkja tilbake på alt det som var av liv og røre ved den vesle elva. Haustane med den særmerkte lukta som følgde med korntørkinga og malinga, all hestetransporten opp og ned, lyden av meislinga som måtte til for å halda rillene i kvernsteinane ved like - alt sit att i minnet.

Vadmålstamping og møblar

Men vasskrafta i Kvednelvo vart ikkje berre nytta til kornmalinga om hausten. Øvst oppe under stemma hadde fargaren, Gustav Tvedt, den innretninga som vart kalla stampo. Ei stampe eller stampemølle som det og heiter, blir brukt til å tøva vadmål, slik at tøyet blir tettare og sterkare. Fargaren kom gjerne berande på vadmålsrullane sine opp dei tunge motbakkane. Litt lengre ned i elvar vart det sett opp eit såkalla overfallshjul, eit vasshjul som kunne driva maskinar. Mannen som sette i gang med det, var Johannes Moberg som laga møblar og som seinare bygde opp ein møbelfabrikk like nord for Kuvenskiftet eller Kuvenstasjonen som ein sa så lenge Osbanen var i drift - og lenge etter den tid.

Kvednelvo vart nytta til så mangt. Då


Oskrinsen fekk meieri for 99 år sidan, vart det bygt om lag der som Shellstasjonen ligg i dag. Meieriet fekk ei vassrenne, eit sløk, frå elva, og det vatnet vart nytta til å driva separatorane. Om lag tjue år seinare vart det bygt nytt meieri på Osøyro og Lars O. Hjelle kjøpte gamlemeieriet som han gjorde om til skifabrikk. Alfred Nøss som arbeidde på skifabrikken i unge år, synest det er artig å tenkja på at det fundamentet som separatorane hadde stått på, seinare vart nytta til å leggja skiene på når reifene på undersida skulle fresast ut. Og endå ei tilleggsopplysning har han om skifabrikken: Tidleg i 30-åra eksporterte Hjelles skifabrikk i Os slalåmski til Nord-Italia! Rart å tenkja på for alle osingar som i dag bruker alpinutstyr frå nettopp alpelanda.

Sagbruk i Kvabbedalselvo

Men også den stiltflytane bekken som mange har omtala med det merkelege nam-

net Krabbedalselvo og som det i dag viser svært lite att av, har vore nytta til næringsføremål. Det var vel kanskje litt meir vassføring ein gong i tida i bekken som renn ut frå Banktjørna. Han har i all fall drive eit sagbruk, så utruleg det enn kan høyrast i dag. Saga låg om lag ved Jordmorsvingen, mellom jernbanelina og byvegen. Mannen som sette opp sagbruk der i 1885, var Nils Kuven (1839-1935) som var snikkar og bygningsmann. Det er litt uklart kor lenge sagbruket var i drift.

Men når ein tenkjer på at dei to små elvane, Kvednelvo og Kvabbedalselvo, ei tid vart nytta til å driva fem kverner, ei stam-pemølle, eit vasshjul til møbelproduksjon, separatorar på meieriet og eit sagbruk, då kan ein trygt slå fast at osingane verkeleg hadde sans for å gjera seg nytte av ressursar som er så små at vi i dag knapt legg merke til at dei finst.



Dei små elvane har fleire namn. Kvednelvo er i gamle kart også kalla Mobergselven, men Kvednelvo er vel det namnet dei fleste bruker. Den elva som renn frå Banktjørna har av mange vore kalla Krabbedalselvo, men forma Kvabbedalselvo som finst på kart, er truleg den rette. Kvabb er eit gammalt ord for blaut, vassen jord, og det høver særleg godt for det lendet elva renn gjennom like sør for Banktjørna. Etter at dei to elvane møter kvarandre og blir til ei elv på Osøyro, har ho i all fall på eit kart frå 1940-åra fått namnet Baronselva. Her må det vera eit brunamn som har smitta over på elva, for elva renn under det som ein gong var Baronsbruo.

Kolerakyrkjegardar i Os

Av Kåre Herdlevær



- Leif Lekven står der gravplassen «Grindevoldsheien» ligg. Nokre av husa på Storum i bakgrunnen.

OS VAR IKKJE DEN KOMMUNEN SOM VART HARDAST RÅKA AV KOLERAEPIDEMIANE SOM HERJA LANDET I FØRSTE HALVDEL AV 1800-TALET. MEN NOKRE DØDSFALL VART DET OG DET VART OPPRETTE KOLERAKYRKJEGARDAR.

I Os heradstyret si møtebok for 07.08.1919 står det slik: «Det vart vedteke at Kolerakyrkjegarden i Steinkulo ved Lysekloster vert aa nedleggja.» I tilsvarande bok for 24.02.1947 står det: «Det vart samrøystes vedteke å tilråda at Kolerakyrkjegarden på Nore Neset vert nedlagt.»

Desse to vedtaka viser at kolera herja også i Os. Men i langt mindre grad enn i dei ytre kystkommunane i Hordaland.

Kva er kolera.

Kolera (cholera asistica) er ein akutt, smittsam og svært vondarta tarminfeksjon framkalla av bakterien *Vibrio cholerae*. Sjukdomen er prega av sterk diare med stort

væsketaf. Tidlegare døydde 40-70% av dei sjuke, medan dødsprosenten idag er under 1, dersom salt- og væsketilførsel saman med eit antibakterielt middel vert sett inn i tide. No er det eit krav at reisande til sørlege strok vaksinerer seg før dei får dra.

Koleraepidemi.

Den første koleraepidemien herja i Noreg frå 1832 til 1834. Då var det byane langs Oslofjorden som vart råka. Den epidemien førde til omfattande tiltak frå styresmaktene si side. Det kom i 1831 påbod om å skipa «Sundhedscommissioner» i kvart prestegjeld, men då faren var over sovna kommisjonane bort. Då faren for epidemi igjen dukka opp i 1847 skipa regjeringa ein «Centralcommission i Christiania, for at undersøge og fore slaae de Foranstaltninger, der maatte ansees hensigtsmæssige med Hensyn til den ondartede Cholera-Sygdom.»

På fylkesplanet var det amtmannen som skulle koordinera kva tiltak som var naudsynte. Det gjekk melding til futane om å syta

for val av sunnhetskommissjonar slik at desse kunne koma i arbeid. Men sjølv om epidemien tok til i Bergen i desember 1848 så vart, som vi skal sjå, spørsmålet om sunnhetskommissjon først tatt opp i febr. 1849 i Os.

Epidemien i 1848 -49 starta med at ei fatig vektarkone, busett i Skivebakken i Bergen, døydde av kolera den 10. desember. Sjukdomen spreidde seg til fatighusa og så ut i byen. Frå desember 1848 til april 1849 døydde det 605 personar av kolera i Bergen.

Frå Bergen spreidde sjukdomen seg til dei næraste distrikta. Så også til Os, der det første koleradødsfallet vart registrert den 8. februar 1849.

Sunnhetskommissjon.

Kva gjorde så dei folkevalde i Os i denne situasjonen?

Den 7. februar, altså ein dag før det første dødsfallet samla «Ous Præstegjelds» folkevalgte seg i Holsund for «ifølge provisorisk Forordning af 22/12 f.aa. angaaende Foranstaltning mod den ondartede Cholera.» Møtet er kome istand på initiativ av pastor Olsen, som formann i Sunnhetskommissjonen. Dei folke valde skulle her ta stilling til «hvormange og hvilke Medlemmer af Formandskabet der finder at tiltræde omhandlede Sundhedscommission. Samstemmig vedtages at det samlede Formandskab kommer at tiltræde bemældte Commission.»

Lasarett på Lysekloster.

No vart det handla fort, for alt den 12. februar samla «Ous Sogns kommunalutvalgte, efter Viceordførerens berømmelse, paa Ousøren for at fatte bestemmelse om Lysekloster Hovedgaards Tjenerbygning skal, ifølge Tilbud, andtages til Lazaret for Kolerasyge og om Ous Sogns Kommune vil overtage de udgifter som maatte blive en følge heraf; forsaavidt samme ikke ville blive tilveiebragt med herr Proprietair Formann foruden med Forvalterens skrivelse af dagsdato for tilbudt; Huus, Sengerequisiter, samt Lys og Brænde, alt gratis.»

Dei folkevalde vedtok samrøystes å ta imot tilbodet og også å ta på seg utgiftene ved tiltaket. Eller som der står: «Som en følge he-



- Det finst emno restar etter steingarden kring gravplassen «Steenkulebakken».

raf paatager ommældte Kommune sig at udrede de i denne Anledning fornødne Udgifter og for Sundhedscommissionen nærmere i saa henseende at arrangere det Fornødne.» Vidare står det: «Kommunen nærer haab om at Amtet i en saa vigtig sag som denne for Kommunen gjør alt til at besørge afgivet det fornødne Lægetilsyn.»

Alt den 21. febr. kom sunnhetskommissjonen saman igjen på Holsund. Denne gongen for å setja krav til bruk av «det paa Lysekloster oprettede Lazaret for Cholera-Syge.» Og krava var etter måten strenge. Den sjuke, eller familien, måtte skaffa mat, i ukokt stand. Gjekk ikkje det «Bliwer Mad at fremskaffe for Ous Sogns Fattigvæsens Regning» mot ei betaling på 16 ort pr. døgn. Til «at bestride de til Lazarettet medgaaende Udgifter ved Opsynet, Sygeop-vartning, Vask m.v.» vart det kravd 24 ort pr. døgn. Den sjuke sin familie måtte også skaffe «de fornødne Sengklæder, hvilke først tilbagele-veres vedkommende Ejere, efterat behørig Rensning har fundet sted.»

Ved lasarettet vart det godkjent tilsett 2 menn og 3 kvinner, men med fullmakt til å tilsetja fleire dersom det trøngst. Til slutt vedtok kommisjonen at lasarettet «ogsaa skulle staae aabent for syge af de øvrige Sogne i Præstegjeldet.»

Nokre døydde av kolera.

Eg har ikkje funne ut kor mange det var som vart smitta av kolera i Os. Truleg var det ein del som overlevde, og truleg har oppretting av lasarettet med lækjartilsyn vore til stor hjelp. For ser vi på datoane for dødsfalla, så skjedde nesten alle desse før lasarettet vart oppretta.

I Kyrkjeboka for Os for året 1849 står det at desse personane døydde av kolera:

- Ungkarl Jacob Olsen Røttingen, 20 år, død 8. febr. gravl. 10. febr.
- Inderst Anders Niels Bruerøen, 30 år, død 10. febr. gravl. 12. febr.
- Inderst John Hanssen Storum, 31 år, død 11. febr. gravl. 12. febr.
- Ungkarl Niels Olsen Nordstrønen, 30 år, død 11. febr. gravl. 12. febr.
- Gaardmann Ole Larssen Røttingen, 50 år, død 12. febr. gravl. 13. febr.
- Gaardm.kone Engelliv (Ingeleiv) Johannesdtr. Røttingen, 45 år, død 13. febr. gravl. 14. febr.
- Gaardm.sønn Niels Johansen Nordstrønen, 1 1/2 år, død 1. mars, gravlagt 2. mars

For alle desse står det i kyrkjeboka at dei var «Begravet paa Kolerakirkegaard» og at det var jordpåkasting den 29. mai 1849. Det var desse 7 som var gravlagde på kolerakyrkjegard på «Døso», slik det står i Ossoga.

Den åttande som døydde var: -

- Gaardbr. Rasmus Olsen Nordstrømmen, 27 år, død 10. febr. gravl. 12. febr.

For han var det jordpåkasting den 16. juni 1849. Han er den einaste som er gravlagd på kolerakyrkjegarden på «Steinkulo» i Lysefjorden.

Kolerakyrkjegardar.

Det var ei svær redsle for sjukdomen og i Os vart det difor oppretta to kyrkjegardar berre for koleradøde. Av kyrkjeboka går det også fram at det må ha vore svært viktig å få dei døde i jorda snarast råd var, slik det går

fram av oppstillinga ovanfor.

Oppretting av desse spesielle kyrkjegardane kom nok på i ein hast, for av referatet frå formannskapsmøte den 16. april 1849 er det oppe ei sak om inngjerding av gravplassane og at dette arbeidet måtte vera ferdig «forinden indvielsen foregaar».

Det vart oppnemnt fire menn til å ta stilling til «Hvilke Materialer hensigtsmessig bør bruges til denne Hægn enten af Steen eller af Furru og saafremt Steen ikke er for uanseelig at bekomme kommer det hensigtsmessig at opføre Hægnet af Steen, stort indtil 30 Alen i Firkant der udgjør 900 kv. Alen forsaavidt Gravstedet Grindevoldsheien angaar. Gravstedet Steenkulebakken bliwer indtil videre at indhægne med Furrematerialer, stor indtil 15 Alen i Firkant eller 225 kv. Alen.»

Gravplassen «Grindevoldsheien» (Døsen) er borte. Leif Lekven opplyser at den låg på eit platå opp for der buss-snuplassen på Grindevoll er no. Han seier òg at det var restar av muren kring plassen like til 1957-58. Då vart det gjeve løyve til å dyrka opp området.

Gravplassen «Steenkulebakken» er godt synleg i marka. Muren rundt er nokolunde intakt. Sjølv om det er planta skog der, så er sjølv gravplassen så godt som fri for tre. Den ligg 20-30 meter frå Munkestien.

Fleire kommunar har teke vare på ein eller fleire av tilsvarande gravplassar. Det burde vera ei kulturell og/eller kyrkjeleg oppgåve å ta vare på og setja istand den plassen som det enno finst restar av. Den kan då stå som eit minne om den store epidemien som tok så mange liv i ein del kystkommunar her vest. Ei tavle eller noko liknande, med namn på dei døde og ei kort innføring i tragedien som ramma desse vil kunna gje komande slekter kjennskap til kvifor det vart oppretta ein gravplass så langt utanfor allfarveg som «Steinkulo» ligg.

Kjelder:

- Sunnhordland Årbok 1982
- Ossoga
- Div. dokument på Statsarkivet frå 1849
- Frm.sk.protokollen for 1849
- Kom.styreprotokollar for Os

BARNE SIDER



Foto: Os & Fusa Posten

av elevar i 7. klasse
ved Hegglandsdalen skule

Hegglandsdalen skule er ein liten skule med 49 elevar og 6 lærarar. Og vår rektor Ole Lars Strønen trivest svært godt på barneskulen vår. Vi går i vakker natur. Alle trivest og håper at skulen ikkje skal leggast ned.

INTERVJU MED CAROL HAFSTAD

Carol kjem frå New York, men har budd 25 år i Noreg. Ho er gift her og har to søner. Ho er ein av lærarane her på Hegglandsdalen skule.

- **Korleis trivest du her på Hegglandsdalen skule?**
- Svært godt.
- **Er det greie elevar her?**
- Ja, dei er greie og dei fleste er blide og hjelpsame.
- **Er lærarane greie?**
- Ja, veldig greie.
- **Liker du å gå mykje på tur?**
- Ja, det er kjekt å få mosjon og bli betre kjend med Hegglandsdalen.

Dikt

På loftet står ein sykkel
den har ingen løkt,
da gjer no ingen ting
dar oppe er da mørkt.

Eg har eit hol i lomme,
da kan du ikkje sjå,
for plassane eg går på
har eg ikkje bukse på.

No skal eg ut å fiska,
men eg har ingen stong,
då e' da jaggu godt å ha
ein robåt som e' long.

GÅTER

1. «Veit de kva Snøkvit seier når ho skal vekkja dei sju dvergane???»
2. «Veit de kva Postman Pat heiter når han er arbeidsledig?»
3. Kva er det som går opp og ned utan å røre seg?
4. Kven tek alle i handa?
5. Når kan vi bere vatn i ein sil?
6. Kvifor hoppar haren over vegen?
7. Kva er likskapen mellom ein konge og eit tre?
8. Kva er likskapen mellom himmelen og helvete?



VITSAR

Lærar: «Veit de. Kvar gong eg pustar, døyir eit menneske.»

Elev til sidemannen: «Eg har no alltid synest han har hatt så dårleg ånde.»

Sonen: «Far, kvar ligg Brasil?»

Faren: «Spør mor, det er ho som ryddar.»

Læraren til Per: «Gå ned i kiosken og kjøp 10 kg vett».

Per: «Treng eg seia det er til læraren?»



LETT BLANDING

1. Kor mange fylke er det i Norge?
2. Kor mange land er det i Norden?
3. Kva levde dei fleste av i bronsealderen?
4. Kva hest kom til NORGE i bronsealderen?
5. Kva var det smeden i bronsealderen støypte?

SPØRSMÅL

1. Er bazooka eit musikkinstrument?
2. Er verdsrekorden i stavsprang over 6 meter?
3. Er mamba ein afrikansk dans?
4. Kan ein sjå nordlys i Oslo?
5. Blei det drukke Coca cola før år 1900?

X-ORD

///	///	///	FAR	TAL	///	///	///
DRINK						///	SKOB
	FISK				FUGL	///	
	FUGL						
		DRINK				///	
				///		///	
				///		///	

Vannrett

1. Leiketøy
2. Kjent filmstjerne
3. Kjent kyrkje i Trondheim
4. Fylke
5. By
6. Sport
7. Noko vi har på foten
8. Gutenamn
9. Fuglerase
10. Jentenamn
11. Dyr

			1																	
		2																		
			3																	
			4																	
5																				
6																				
			7				8													
							9													
	10																			
							11													

Loddrett

1. Løysingsord

Løysingar bak i bladet

Kommunedelinga mellom Os og Samnanger - eit 90 års minne -

av Anders Kåre Engevik



Tysse først på 1900 - talet (Foto: Lokalhistorisk arkiv)

Frå 1. januar 1907 var Samnanger eigen kommune. Dermed var eit administrativt høpehav til ende, som hadde eksistert sidan lova om lokalt sjølvstyre hadde teke til å gjelda, frå og med 1838. Men det fanst fleire administrative band mellom bygdene Os og Samnanger. Dei var monaleg eldre enn det kommunale høpehavet, og dei kom til å vara lenger fram i tid.

Samnanger var ei sokn i det gamle Os prestegjeld, som også femnde om Fusa, Hålandsdalen og Strandvik sokner, i tillegg

til hovudsokna Os. Sidan mellomalderen høyrde Os og Samnanger til det same sivile administrasjonsområde, Os eller Framnes skipreide, med ein lokal ombodsmann, lensmannen, som stod under futen i Sunnhordland. Lensmannen budde i Os.

Frå midten av 1800-talet og i tida som følgde kom denne skipnaden gradvis til å verta broten sund. Me skal no sjå på nokre av sidene ved denne utviklinga; kvifor og korleis det skjedde.

Vanskelege kommunikasjonar

Det gamle Ous var ei geografisk stor eining med spreidd folkesetnad, lange avstandar og vanskelege kommunikasjonstilhøve. Før nokolunde regelmessige dampskipsruter kom i stand, kring midten på 1860-talet, var folk nøyddde til å nytta segl og årar. Fjorden var ferdsleåra; landveges ferdsle kunne knapt skje anna enn etter den einaste offentlege vegen som fanst, postvegen mellom Bergen og Stavanger, som vart bygt gjennom Fusa og Strandvik sist på 1700-talet. Andre ferdsleårar over land var dei so-kalla driftevegane som vart nytta når krøter skulle til byen. Ein slik veg gjekk gjennom Samnanger, men han var ikkje tenleg for sambandet mellom Samnangerbygdene og Os. Som ikkje dette var nok, kunne meinisen vinterstid sperra for alt samband mellom bygdene.

Deling av kommunar

Spørsmålet om deling av denne store administrative eininga vart naturleg nok reist straks den nye kommunen hadde byrja fungera, men då slik at det noverande Fusa prestegjeld burde skiljast ut. Dette var den folkerikaste delen av området og dei bygdene som stod seg best økonomisk. Fusa, Strandvik og Hålandsdalen sokner hadde dengong 273 gardbrukarar, 80 husmenn og eit samla takstgard-verde på 812 skylddalar - Os og Samnanger samla hadde 294 gardbrukarar, 125 husmenn og eit takstverde på 704 skylddalar.. På heradstyremøte den 1. desember 1838 vart med 25 mot 9 røyster vedteke å søkja styresmaktene om å dela Os prestegjeld i to prestekall. Søknaden førde ikkje fram, men 10. august 1845 gjorde kommunestyret på nytt vedtak om deling. Tre år seinare låg det føre framlegg frå futen om deling av kommunar og skipreide i samsvar med regulering av prestegjeldsgrensene. Og no vart dette godkjent av riksstyret. Frå 1855 vart Fusa, Hålandsdalen og Strandvik eige prestegjeld og eigen kommune. Samnanger og Os var framleis ei og same administrative eining, både kyrkjeleg og kommunalt. Men, som Nils Lauvskaard skriv i bygdesoga for Samnanger «-det var

ikkje alltid godt fyr dei å stå på bås i lag - dei rykte i bandi rett som det var».

Strid mellom soknene

Dei to soknene var jamsterkt representerte i kommunestyret så makta sat hjå den som til ei kvar tid hadde ordføraren. Vala måtte ofte avgjerast ved lutdraging - noko som ofte gjekk osingane imot. I 1880 kravde dei å få større representasjon i kommunestyret, men samningane sette seg forarga imot dette, og kravet vart lagt ned.

Like frå den tid postvegen vart bygt, var det strid mellom soknene om fordelinga av pliktarbeidet. Samningane kjende det som ei urimeleg tyngsle å verta pålagde arbeidsplykt på ein veg dei ikkje ville få noko nytte av. Osingane fekk fleire vegar etter kvart, og samningane var pålagde å vera med å halda dei ved like. Dei harma seg storleg over pålagd vedlikehaldsarbeid så langt av leid som på vegen mellom Buena (Lysefjorden) og Søfteland.


I 1857 fekk endeleg Samnanger sin første opparbeidde vegstubb, den såkalla «prestevegen» frå Kvernnes-hella til Årland. Føremålet var å unngå messefall når meinisen la seg inst i fjorden. Dei som til no hadde hatt pliktarbeid på Søftelandsvegen fekk no dette arbeidet flytta heim til den nye vegen.

Vegkrav i Samnanger

Det kom fleire vegkrav frå Samnanger, men dei vart ikkje alltid møtt med velvilje frå Os. Det vart bygt ein vegstubb frå Tysse til Frølandsvatnet på 1870-talet, men vedlikehaldsplikta på vegar i Os - sokna kvilde på samningane like fram til 1882.

I 1885 fekk samningane eit tidsmessig samband over land. Det året vart vegen mellom Årland og Trengreid jernbanestasjon bygt ferdig. Dermed var Samnanger knytt til Bergen og Voss.

Det viktige veganlegget mellom Årland, om Tysse over Kvamskogen til Nordheimsund vart sett igang i 1893 og fullført i 1906. Med kommunikasjonane byrja ei ny tid i bygda. Turistferdsle, gjennomgangstrafikken, byrja så smått ta seg opp.



Osøyro først på 1900 - talet (Foto: Lokalhistorisk arkiv)

Dette var eit framsteg, men ikkje stort nok til å tena bygdene langs fjorden, som framleis hadde meinisen om vintrane å plagast med.

Betre fjordsamband

Behovet for regelmessig fjordsamband trengde seg på med stadig større kraft. I 1886 kom ullvarefabrikken ved Tysseelva igang og skapte ein tettstad på Tysse; den største folkekonsentrasjonen i Midthordlandsbygdene. Tenestenæringane vaks fram, særleg auka varehandelen og med den post- og passasjertrafikken. Det er på denne bakgrunnen me må sjå skipinga av «Det Midthordlandske Dampskipsselskab», eit foretak som sprang ut av behov, først og fremst i Samnanger. Det vart likevel eit vonbrot for bygda då det nyskipa dampskipsselskapet ikkje fekk i stand samarbeid med Osbanen, men i staden dreiv tevling og sabotasje, slik at passasjerar frå fjordbygdene måtte finna seg i å reisa på gamlemåten.

Lausriving

I åra like etter hundreårsskiftet tok utviklinga til å føra Os og Samnanger stadig lenger frå kvarandre. Industrien på Tysse skapte større vekst enn i Os. Vegsambandet gjennom Samnanger, mellom Trengereid stasjon og Nordheimsund, verka i same lei; det gjorde òg planane om kraftutbygging i Frølandsdalen.

Det vart skapt ein framstegsoptimisme i Samnanger som styrkte trongen for lausriving frå eit hopehav som stadig fleire kjende som hinder for framsteget. Osingane på si side har tydelegvis òg kjent hopehavet som kunstig. Så tidleg som i 1882 vart det sett ned ei nemnd som skulle førebu deling av kommunen. Førebuingstida vart lang. Først i 1906 vart kommunedelinga godkjent av departementet, og ved kongeleg resolusjon gjort gjeldande frå 1. januar 1907.

Men det må òg leggjast til at alle gamle band ikkje vart løyste. Institusjonane lensmann og prest var Os og Samnanger i saman om til etter 2. verdskrigen.

HISTORIA OM DET SOM IKKJE VART NOKO AV

HISTORIA ER FØRST OG FREMST FORTELJINGA - OG VURDERINGA AV - HENDINGAR OG TILTAK SOM HAR VORE MED OG FORMA DEI TILHØVA VI LEVER UNDER I DAG. MEN HISTORIA ER OGSÅ KUNNSKAP OM PLANAR SOM IKKJE VART RØYNDOM, IDEAR SOM IKKJE VART NOKO AV.

SLIKT HAR OGSÅ HATT SITT Å SEIA FOR ETTERTIDA. I DENNE UTGÅVA AV «OSINGEN» TEK VI FOR OSS EIT PAR SLIKE LOKALHISTORISKE SAKER - DET GJELD PLANAR SOM IKKJE VART REALISERTE, VEDTAK SOM IKKJE VART SETTE I VERK.

STORE SJUKEHUSPLANAR PÅ GÅSSAND - FOR 90 ÅR SIDAN

av Gustav Moberg

For hundre år sidan og i eit par tiår utover var Os inne i ein periode med sterk vokster og utvikling, særleg galdt det på det tekniske og teknologiske området. I denne tidbolken vart osingane kjende med det nye samferdslevedunderet som heitte jernbane og med elektrisiteten. Anleggstida på osbanelinja og utbygginga av vass- kraftverket på Gåssand sette sitt merke på bygda - her var det storsatsing på heilt nye og lite kjende område.

I dag er det truleg få som veit at Gåssand også var tiltenkt ei heilt anna utbygging. Det var tale om å leggja ein av dei store medisinske institusjonane i Hordaland til Os. Dette var ein av dei planane som aldri vart noko av, endå det var gjort vedtak om det i fylkestinget.

I tida omkring siste hundreårsskiftet vart det meir og meir syn for å byggja sjukehus for psykiatriske pasientar, og det var sterk interesse for å leggja eit stort fylkessjukehus for sinnssjuka til Os. For 90 år sidan var det fleirtal i fylkestinget for å kjøpa garden Gåssand og byggja sjukehus der, men det vart ei av dei sakene der det er mykje att og fram, og enden på visa vart at sjukehuset vart lagt til Valen i Sunnhordland i staden.

Tanken om eit asyl for Vestlandet var framme på fylkestinget i 1905, men då tenkte dei seg helst at staten skulle byggja det. (Asyl var ei nemning for psykiatriske sjukehus i den tida og lenge etter. Det kom vel helst av at det ikkje var så mykje ein kunne gjera for å lækja psykiatrisk sjukdom i den tida, eit sjukehus var først og fremst ein tilhaldstad for dei sjuka - eit asyl).

Staten ville ikkje ta kostnaden med å byggja sjukehuset, det måtte vera ei oppgåve for fylket å syta for slikt.

Året etter - i 1906 - vart det sett igang arbeid for å finna ein høveleg stad for eit sjukehus for dei sinnslidande. Det var fylkesmannen og fylkeslegen som tok seg av dette arbeidet. Fylkesmann den gongen var Hroar Olsen og fylkeslege var Daniel Schumann Krüger som også var distriktslege i Os. Dr. Krüger, som budde på Klyve, var ein føregangsmann på mange område, m.a. var han med og skipa Os Privatbank og han var ei drivande kraft i arbeidet med å få bygt Osbanen.

Fylkesmann Olsen og fylkeslege Krüger var inne på fleire løysingar. Dei såg på eit område i Sandviken i Bergen og dei vurderte garden Leirvik på Holsnøy. Men dei måt-

te ha ein stad med rikeleg tilgang på vatn både til husbruk og til utvinning av elektrisk kraft. Det hadde ikkje dei første stadene dei såg på.

Det er vel ikkje utenkjeleg at det var Krügers kjennskap til Os som førde dei til Gåssand. Dei fekk garden på hand for 20 000 kroner. Då fekk dei også elverettar, så dei kunne få bygt ut kraft.

Dr. Krüger og arkitekt Sigurd Lunde arbeidde ut planar for sjukehuset. Tanken var at det ikkje berre skulle vera ein opphaldsstad for dei sjuke, men også eit sjukehus som skulle gje behandling. Ein ingeniør vurderte kraftmengdene som kunne skaffast frå vassdraget, og byggjekostnadene for sjukehus og kraftverk vart sette til 300 000 kroner.

Ei særleg nemnd som fylkestinget sette ned, slo fast at «der hersker asylnød på Vestlandet... Søndre Bergenhus amt (dvs Hordaland fylke) har for tiden ca. 310 sindssyge; deraf 130-140 som trøngjer behandling og forpleining på asyl ... Det grændser til nødvendighet, at noget blir gjort til forbedring af forholdene.»

Nemnda stod samla i synet på kor viktig det var å få bygt eit sjukehus, men det var

usemje om stadvalet. Eit fleirtal ville ha sjukehuset på Gåssand, og i fylkestinget var fylkesmann Olsen, fylkeslege Krüger og ordføraren i Os, Mathias Erichsen, mellom dei som tala for Gåssandplanen. Eitt av argumenta var at sjukehuset måtte liggja på ein stad med godt samband til Bergen, og på den tida hadde Osbanen alt vore i drift i over 10 år.

Fylkestinget vedtok samrøystes å byggja sinnssjukehus. Det vart også vedteke å kjøpa garden Gåssand til føremålet, men det var så knapt fleirtal som det kunne bli - 22 mot 21 røystar. Etter lova måtte eit slikt vedtak gjerast med minst 2/3 fleirtal for å vera gyldig.

No vart det også klart at grunneigaren på Gåssand ikkje lenger ville halda tilbodet ope, og dermed vart det ingen ting av planen om sjukehus på Gåssand. Saka enda med at fylket kjøpte garden Valen i dåverande Fjelberg kommune (no Kvinnherad) og bygde sjukehuset der.

Nokre år seinare vart det likevel ei utbygging på Gåssand, men utan at garden gjekk med til det føremålet. Det var då Os kommune kjøpte vassrettane og bygde det kraftverket som står der den dag i dag.

Gravplass på Flåten

av Kåre Herdlevær

Planlegging og plassering av ein ny gravplass i kommunar er ofte ei vanskeleg avgjerd. Det vart det òg då det i si tid vart planlagt ny gravplass på Flåten. Men kor langt planane for gravplass på Flåten var komne før det vart avgjort at Os gymnas skulle koma der, er det kanskje ikkje så mange som kjenner til, eller som hugsar.

Kyrkjegardsnemnd

I 1944 vart det sett ned ei nemnd som skulle arbeida med kyrkjegards-spørsmålet. Mandatet nemnda gav seg var:

- Utviding av den gamle kyrkjegarden
- Anlegg av ny kyrkjegard i Kalhagen
- Anlegg av ny kyrkjegard utanom sentrum og så leggja ned den gamle.

Nemnda og soknerådet var i prinsippet mest stemt for ei utviding av kyrkjegarden ved Oskyrkja. Men då Os heradstyre i møte 21.10.1946 med 18 mot 5 røyster gjekk imot utviding av den gamle kyrkjegarden, og vedtok at «ny kyrkjegard vert lagt til Flåten», så vart det berre arbeidd med dette alternativet. Og optimismen var stor, for alt i april 1947 kom det melding frå

Kyrkjedepartementet om at vedtaket om kyrkjegard på Flåten var godkjent.

Men skjer i sjøen er det alltid. «Skjeret» denne gongen var at Lars Valle m/fleire meinte at saka måtte takast opp att. Motstandarane meinte at den gamle kyrkjegarden måtte utvidast istadenfor å byggja ny. Det gjekk ein polemikk i Bergens Tidende (det var ikkje lokalavis den gongen) mellom Lars Valle og leiaren i gravplassnemnda, Torbjørn Vik, om denne saka. Her var det særleg kostnaden med ny gravplass mot utviding av den gamle som det var strid om. Men Heradstyret avviste å ta saka opp att.

Gravplassen tek form.

Kva var det så nemnda arbeidde med? Utan kommuneingeniør, han kom først med i nemnda frå 1950, var det medlemene i nemnda som måtte syta for planlegging og delvis teknisk gjennomføring av tiltak.

Planlegginga tok hagearkitekt Harald Lindebrekke seg av. I møte i Os heradstyre i april 1950 vart planen for gravplassen godkjent. Men før dette vedtaket var det gjort ein heil del arbeid. Det hadde vore skjøn og overskjøn. Det var lagt fram vassleidning til gravplassen. Vatnet kom frå Osøren Vannverk. Veg var bygd frå riksvegen fram til gravplassen. Området var planert og det var utført grøftearbeid etter plan utarbeidd av heradsagronomen.

Eit kart over området, teke opp fotogrammetrisk i 1951, viser at det då var bygd interne vegar, sett opp murar, bygd parkerings-/snuplass, sett opp port og grave ut tomt for kapell. Vi som hugsar tilbake, eg sjølv frå 1962, hugsar at det også var ein heil del prydplantar der. Men med lite og inkje vedlikehald er det ikkje å undrast over at det i eit møtereftrat frå 1958 står :»Det vart konstatert at gravplassen er i ei svært dårleg forfatning.»

Gravkapell.

Men, ingen gravplass utan klokkestøpul og kapell. Begge desse byggverka vart det arbeidd med i nemnda frå først på 1950-talet. Arbeida kom så langt at heradstyret i

møte i des. 1954 godkjende teikningar for gravkapell på Flåten. Det skulle også hentast inn tilbod på byggearbeidet.

Kva hende så? Ingenting!! Saka ligg i dvale. Det siste møte i kyrkjegardsnemnda for gravplass på Flåten, frå oktober 1959, har som siste setning: «—oppmoda om at kyrkjegarden no kan verta overteken av Soknerådet.» Om den vart overteken seier ikkje soga noko om. Men, som vi veit, til gravplass vart den ikkje brukt.

Dei som i si tid ivra for å utvida Os kyrkjegard kunne i ettertid seia:

«Kva sa eg!», for det var det som skjedde, men det er ei anna soge.

Kva med gravkapellet? Det vart sett ned ei byggenemnd for gravkapell på Flåten. Teikningane, utarbeidde av arkitekt Ole Landmark, vart revidert og siste rev.dato er mars 1963. Arkitekten utarbeidde fullt ferdige arbeidsteikningar og hadde tilbods-materiale klart for bygget.


Sluttstrek for gravplassen.

Men så var det slutt. I eit brev til arkitekten frå juli 1964 står det: «Då det er oppstått uforutsette vanskar med gravplassen på Flåten ber ein om at De førebils innstiller arkitektarbeidet for dette bygget.»

Kva var vanskane? Det hadde lenge blitt snakka «mann og mann i mellom» om at gravplassen ikkje eigna seg til føremålet. Det vart sagt at det berre var leire og det høver dårleg på ein gravplass. Prøvegraving prova at mistanken var rett. Utsifting av massar vart vurdert til å bli alt for dyrt, den gongen. Så, snipp snapp snute, så var den gravplassen ute.

Kva hadde alt arbeidet kosta? Rekneskapane frå alle dei aktuelle åra viser at kommunen vart påført ei utgift på omlag kr. 170.000,-. Denne summen gjeld både planlegging av gravplass og kapell og utført arbeid på sjølve plassen.

Var så desse pengane «kasta ut av vindauget?» På langt nær alle. Kommunen hadde ei god tomt. Den var ferdig planert og kunne sjølv sagt brukast til andre føremål, som den også vart.



Utsnitt av kart frå 1951

Politisk spel.

Som avslutning kan det høva å nemna litt om korleis gravplassen vart gjort om til tomt for gymnas.

I første del av 1960-åra vart det arbeidd mykje politisk med plassering av gymnas i den gymnaskrinsen som Os høyrde til. Valet sto mellom Os og Fana. Os hadde då sikra seg eit tomteareal på Søfteland, der skulen no ligg. Denne tomta vart i første omgang bydd fram som tomt for gymnas. Politikarane i Os meinte at med denne tomta fall argumentet om tomt i Fana nær Osgrensa bort. Tomta låg lagleg til nær riksvegen. Men dei andre kommunane sør og vest i gymnaskrinsen murra. Skulle gymnaset vera i Os så måtte tomten liggja nærare Osøyro. Let ikkje dette seg gjera, ja så kun-

ne gymnaset like godt liggja i Fana, slik denne mektige kommunen arbeidde så hardt for. Men då hadde Ospolitikarane eit trumfkort på hand: **Gravplassen på Flåten!**

Dåverande ordførar Leif Strønen fortel at eit samla fylkesting var på synfaring på Flåten ein fin haustdag. Rosene i dei ustelte beda blømde framleis, tomta var ferdig planert og i solskinet tedde den seg fram som ein ideell tomt til føremålet. Fylkestinget var oppglødde for den fine tomten og resultatet vart at Os var sikra tomt for det nye gymnaset! Men at det i forkant av dette vedtaket hadde vore drive eit nokså aktivt lobbyarbeid, seier soga lite om.

Kjelder: Os kommunes arkiv.

100-års-minne for Ivar Aasens død vart høveleg markert i OSINGEN 96. Men etter at det gjekk i trykken fekk skriftnemnda inn dette oppdikta intervjuet nedanfor. Skriftnemnda har funne det rett at også lesarane får ta del i denne originale måten å nærma seg det særmerkte menneske Ivar Aasen på.

Intervju med Ivar Aasen på 50 års-dagen

av Janne Håvarstein

Dette intervjuet er skriva i sam-band med Ivar Andreas Aasen sin 50 års-dag. Eg møter han på 50 års-dagen, stemmene surrar rundt oss. I kring oss er det mykje liv. Ivar har invitert venner frå aust og vest og alle har dei ein ting sams; dei har hjelpt Ivar med å samla ord og grammatikk frå mange forskjellige dialektar.

Ivar Aasen vart fødd i 1813. Frå konfirmasjons-alderen var han foreldrelaus, mora døydde då han var 3 år, medan faren døydde då Ivar var i 13-14 års-alderen. Han budde på garden i 5 år, men fekk så låna bøker frå lensmannen og flytta til presten på Herøy for å læra meir. Det seiast at han lærte seg å skriva med ein pinne til penn, bjørkenever til papir og blåbær til blekk.

Kvifor likte du ikkje gardsarbeid?

- Eg trur at eg eigentleg ikkje hadde noko i mot gardsarbeid. Det var berre det at eg hadde så mykje å tenkja på. Så snart eg kunne gøyma meg bort utan å bli lagt merke til, gjekk eg og drøymde. Det var mange spørsmål som surra rundt i hovudet mitt, som til dømes: Kvifor vert blada gule og raude når dei skal detta av trea om hausten? Eg hugsar at eg tykte det var dumt at eg ikkje fekk svar.

Etter at du hadde vore ei stund hjå lensmannen og vore lærar i to år, søkte du om læra hjå prost Thoresen. Kvifor tok du ikkje i mot tilbodet hans om skikkeleg skulegong?

- Eg har framleis trua på at eg valde rett den gongen. Eg ville heller sjå kor langt eg

kunne koma, dersom eg tok vegen om sjølvstudium, enn å gå på vanleg skule inne i byen. Eg fekk kontaktar med andre menneske via prost, slik at eg kunne låna bøker av dei.

Kva var det som interesserte deg mest på denne tida?

- På den tida var det grammatikk og biologi eg las mest om.

I to år var du omgangsskulelærer. Er det sant som rykta seier, at du lærte like mykje av det sjølv som elevane dine?

- Godt spørsmål, humrar Aasen.- Ja du kan vel kanskje seie det slik, eg hugsar at eg brukte kvar einaste ledige stund til å lesa og læra meir. Mange av elevane stilte kloke spørsmål som eg gjerne ville ha svar på sjølv. Difor gav eg meg ikkje før eg fann svara til dei.

Sommaren 1841 reiste du til Bergen.

Kvifor?

- Den sommaren ville eg visa fram grammatikken eg har laga over sunnmørs-målet. Det ville eg visa til biskopen i Bergen, Jacob Neumann.

Dette må då ha vore eit lukketreff. Kva fekk F.M. Bugge å seie for deg?

- Bugge fekk Vitskapselskapet i Trondheim til å løyve pengar, slik at eg fekk lov til å fara kring i landet for å granska dialektane.

Brått vert me avbrotne av høg latter, eg had-

de reint gløymt alle gjestane rundt oss, slik interesse vekte samtalen for meg. Nokre av gjestane hadde funne ut at dei skulle spase-re med ei kake med tente lys på hovudet. Når kaka då fall over ende, fall ho rett oppå jubileumskaka. Ivar Aasen ler og tøyser med gjestane ei stund, så vender han seg attende til meg.

Til no har du gjeve ut 9 bøker, blandt dei; «Norske Plantenavne» og «Norske Ordsprog.» Har du planer om å få fleire bøker på trykk?

- Ja, eg tenkjer å gje ut nokre bøker til. Både i faglitteratur og skjønnlitteratur har eg stoff som ligg og ventar.

Berre eitt spørsmål til, Ivar, kva utsikter har du for framtida?

- Forutan dei nemnde bøkene, er mitt største ønskje for framtida at Stortinget skal fastsetja at skriftmålet eg har skrive skal få full rett som skulemål og offisiell målform.

Eg takkar for intervjuet med Ivar Andreas Aasen og går ut i solnedgangen. Vakkert, tenkjer eg, og ruslar heimover. Ivar A. Aasen har eit muntert smil på lur, og vil nok alltid bli hugsa, tenkjer eg.

Norske ordtak

etter Ivar Aasen

Der Aldren kjem inn, vil han aldri utatter.



Elska med vit, so varer det lenge.



Gift deg, medan du ser; sidan er det helder seint.



Ei Grind, som stend opi, er inkje Gagn i.



Kjærleiken varer, um inkje Vænleiken varer.



Kjært Minne kjem ofta atter.



Ein fær ikkje syngja høgre, en Halsen toler.



Det som i Ungdom er lært, verd i Alderdomen kjært.



Han talar ikkje best, som talar mest.

1

Kvalitet i samarbeid med



Flåten Senter, 5200 Os, Tlf. 56 30 66 50

Bohus

Telefon: 56 30 04 80

Din totalleverandør av finansielle tenester

K KREDITKASSEN

Vi gir deg bedre råd!

Filial Os - 5200 Os - Telefon 5657 2010 - Telefax 5630 2737

Blomar og planter
i store parti
me kjøper og sel
frå vårt gartneri.

a/s kystland  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 56 30 55 10 Fax. 56 30 62 15

*Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.*

 MALERMESTER
ARNE STRØNEN 

5222 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80

OS MÅLLAG

SKIPA 1920

Styret:

Leiar: Elfrid Moberg

Skrivar: Olav Kvåle,

Kasserar: Oddvar Bentsen

Styremedlem: Signe Rydland, Lars Skorpen

Ta kontakt med eit av styremedlemene.

OSINGAR!

**VINTEREN KJEM NOK I ÅR ÒG...
ER ALTERNATIVET VURDERT ?**

SOM OSING SKAL DU VETA AT :

- Linja 630 Halhjem passerer
Os 35 gonger på veg til
Bergen alle kvardagar.
- Linje 620 Osøyro har 47 turar frå
Os til Bergen alle kvardagar.
- Brukarar av periodekort i snitt nyttar
korta sine 46 reiser pr. månad.

**TENK SMART -
REIS SAMAN**



OS UNGDOMSLAG

skipa 1890

Ver med oss i arbeidet
for norske folkedansar:
Songdans, turdans,
gamaldans og
bygdedans.

Sjå lysing i
Os & Fusaposten

Vi støtter det lokale kulturmiljøet!

Hos oss får du alt du trenger innen bøker, fag-
litteratur, CD-rom og data, papir og rekvisita.
Vi har også mange godbiter fra ditt lokale miljø!

M.K. OLSEN INTERBOK

5200 Os • tlf: 56 30 04 30 • fax: 56 30 29 80
e-mail: mkolsen@sn.no

Alle slags planter

- PRYDBUSKAR
- NÅLETRE
- FRUKTTRE
- BÆRBUSKAR m.m.



Moberg - 5200 Os
Tlf. 56 30 03 60.

Roser og plantar
av mange slag,
til kvardagsbruk
og i festleg lag!



Halhjem Gartneri 5227 Søre Neset

Tlf.: 56 30 51 78 - Fax: 56 30 62 53

Kvalitet!

- VERKTØY -
 - MASKINER -
 - REDSKAP -
- for
HUS OG HAGE

JERNIA

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. 56 30 04 00 - 5201 OS



LOKALKONTOR

Bjørnegården
5200 OS
Tlf. 56300690

REGIONKONTOR

Sandslimarka 31
5049 Sandsli
Tlf. 55984820

Rådgevande ingeniører 



HALHJEMSVEIEN - 5200 OS



**RENOVASJON -
CONTAINERSERVICE**

Tek på meg all slags bosskøyning.

Ring tlf. 56 30 53 14 - 56 30 58 35 - Lager Kolskogen: Tlf. 56 30 16 17

Mobiltlf.94 56 79 35 - Mobiltlf.94 55 18 31

*Når reiselysten veks seg stor
hos folk som bur ved Bjørnefjord,
kan dei alltid gå til vårt reisebyrå.*



OS REISEBYRÅ AS



POSTBOKS 260 - 5201 OS
TELEFON: 56 30 11 90 • TELEFAX: 56 30 27 01

Me har stolar og sofakrok
der du kan kosa deg med
ei bok.

Me har også seng og bord,
både for liten og for stor.

**Møbelservice
på Sjøteland**

Tlf. 56 30 71 70 - 56 30 72 31 Fax. 56 30 74 35

LARS LEKVEN

SIV. ARKITEKT MNAL NPA
ROSENBERGSGT. 42 5015 BERGEN

TLF.: 55 32 79 50
FAX.: 55 32 90 64



*Til kjøkken, bad og vaskerom
har vi det meste, så berre kom
og kjøp det du treng, vi installerar,
når gamle røyr ryk, vi reparerar.*



Sverre Samdal
AUT. RØRLEGGERFORRETNING

Telefon: Privat: 56 30 02 55
Kontor: 56 30 15 83
Mobil: 94 57 14 61

ARKA[®]
KAROSSERIER



Bli abonnent du òg!

*Her finn du
SISTE NYTT
om det som hender
i heimbygda di!*

**OS & FUSA
POSTEN**

Boks 273 - 5201 Os - Tlf. 56 30 29 50

Me sel måling til tak og vegg
Me mjuke tepper på golvet legg
Me skaffar gjødsel til hagen din
så plenen veks seg grøn og fin

A.s Os Fargehandel
INTERIØREN

5200 OS - TLF 56 30 03 80 - FAX 56 30 14 72

**Roser og
dekorasjonsplanter
Gartneriutsal**

Erling og Terje Lunde - Gartneri
5227 Søre Neset - Tlf. 56 30 52 28

Alt i delar og rekvisita



**Bilens
Butikk** a.s

Olav Tøsdal jr.
Steinneset, 5200 Os
tlf: 56 30 63 50
fax: 56 30 46 10
mobil: 905 54 583
priv: 56 30 24 46

Spare Bank **1** Vest



*Vi ønskjer kvar ein handlegjest
velkomen inn til handlefest,
Velkomen også du som kjenner
deg heime her blandt gode venner.*

ÅPNINGSTIDER:
Hverdager 10 - 20
Lørdager 10 - 16
Mat 9 - 18

FLÅTEN  **SENTER**

Telefon: 56 30 03 50

DISTRIKTET SITT EIGE FORSIKRINGSSKAP

Hos oss kan du få dekk dine
totale forsikrings- og lånebehov

Ta kontakt med oss!



GJENSIDIGE Vest

OS Tlf.: 56 57 20 00
FUSA Tlf.: 56 58 10 90



BESTILLINGAR TIL JUL

Ta sjølv del i prosessen, vi handlagar unike
smykker til deg - også av ditt gamle gull.

Bjørnefjorden Gullsmie attmed Osbrua, Osøyro
Telefon 56 30 50 00

Kontakt oss no!

BJØRNEFJORDEN GULLSMIE



www.abcnett.no/blg/truloving



Den norske Bank

Vi har mulighetene - du har valget!!!

Telefon: 56 300 700



OSKRAFT^{AS}

— Rein energi —

TLF. 56 30 03 00

Din lokale kraftleverandør

Løysingar frå

BARNE

SIDER

SVAR PÅ GÅTER:

1. Seven up.
2. Pat.
3. Trappa
4. Dørhandtaket
5. Når det er frose
6. Fordi han ikkje kan koma under
7. Begge har krone
8. Begge byrjar på H

SVAR: LETT BLANDING

1. 19 Fylke.
2. Norge, Danmark, Finland, Sverige og Island.
3. Dei levde av jakt, fiske og sanking.
4. Fjordingen kom til Norge i bronsealderen.
5. Ulike gjenstander av bronse.

SVAR PÅ SPØRSMÅL

1. Nei, eit våpen
2. Ja
3. Nei, ein slange
4. Ja
5. Ja, frå ca. 1886

LØYSING X-ORD

///	///	///	f	t	///	///	///
d	k	a	f	f	i	///	b
r						///	k
i	f	h	a	i	f	///	ø
k	s	k			g	///	
	f	s	t	r	u	t	s
	g	l					
	///	d	t	e	g	///	k
	///	r	///	///	///	///	j
			e	///	l	///	
			r	///	e		e

Løysingsord:

Donald Duck

